

# Kompetanse for utvikling

Strategi for kompetanseutvikling i grunnsopplæringa 2005–2008



UTDANNINGS- OG  
FORSKNINGSDEPARTEMENTET

Denne kompetanseutviklingsstrategien er utarbeidd i samarbeid mellom Kommunenes Sentralforbund (KS), Utdanningsforbundet, Norsk lektorlag, Skolenes Landsforbund, Norsk Skolelederforbund og den sentrale utdanningsadministrasjonen. Strategien er eit felles grunnlag for det kompetanselyftet som skal gjennomførast i grunnopplæringa i perioden 2005–2008.



Kristin Clemet  
Utdannings- og forskingsminister



Halvdan Skard  
Leiar, Kommunenes Sentralforbund



Helgä Hjetland  
Leiar, Utdanningsforbundet



Gro Elisabeth Paulsen  
Leiar, Norsk Lektorlag



Gro Standnes  
Leiar, Skolenes Landsforbund



Eli Vinje  
Forbundsleiar, Norsk Skolelederforbund

Design: Tank

Trykk: Zoom Grafisk 10/2004 - opplag 3 000

# Innleiing

## **St.meld. nr. 30 (2003–2004) Kultur for læring og Innst. S. nr. 268 (2003–2004)**

I samband med behandlinga av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, jf. Innst. S. nr. 268 (2003–2004), slutta Stortinget seg til ei rekkje forslag som samla skal medverke til å gjere grunnopplæringa betre i stand til å møte utfordringane frå kunnskapssamfunnet. Det skal leggjast til rette for betre tilpassa opplæring for kvar enkelt elev og lærling, mellom anna gjennom nye læreplanar med klart definerte kompetansemål, større vekt på grunnleggjande dugleik og lokal fridom innanfor ei nasjonalt fastsett fag- og timefordeling. Reforma inneber ei fornying av ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring, betre samheng mellom opplæringa i grunnskolen og vidaregåande opplæring og auka samarbeid mellom grunnopplæring og lokalt arbeidsliv. Dette krev ei omfattande satsing på kompetanseutvikling, særleg for skoleleiarar, lærarar og instruktørar i lærebedriftene.

Stortinget slutta seg til forslaget frå Regjeringa om å «*investere i et betydelig kompetanseløft for å realisere de sentrale målsettingene som er varslet i meldingen*». Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen «*har merket seg at departementet foreslår en rekke tiltak som vil kreve en målrettet satsing på kompetanseutvikling for lærere og skoleledere*», og «*er enig i ... at det legges til rette for at en stor del av den nødvendige kompetanseutviklingen gjennomføres før de strukturelle og innholdsmessige endringene iverksettes*» (Innst. S. nr. 268 (2003–2004)).

Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen understrekar «*... behovet for å utvikle skoler og lærebedrifter som lærende organisasjoner og at det kun kan gjøres ved at skoleeiere og skolene selv tar ansvar*». I dette arbeidet er det «*... skoleeier som skal utforme lokale planer for kompetanseutvikling i kommunene og fylkeskommunene. Slike lokale planer legges til grunn for utforming av nasjonale tiltak. Komiteen mener derfor at det er skoleeier som skal prioritere og vedta kompetanseutviklingstiltakene*».

Komiteen meiner det «*er nødvendig å styrke den tilpassede opplæringen, slik at alle sider av læringsmiljøet tar hensyn til variasjonene i elevenes forutsetninger og behov*». Komiteen meiner vidare at ein må ta større omsyn til at elevar modnast og lærer ulikt. Skolen skal gi elevane likeverdige høve til læring i form av tilpassa, ikkje lik, opplæring.

Reforma vil krevje utstrakt satsing på vidareutdanning på fleire område. Fleirtalet i komiteen framhevar at «*videreutdanning må prioriteres*», og at «*faglig fornyelse for lærere er viktig*». Dette fleirtalet uttaler at «*faglig fornyelse for lærere underveis i lærergjeringen er viktig for at de skal bli værende i skolen. Derfor er det viktig å gi rom for den enkelte lærers behov for fornyelse, og ikke ensidig legge vekt på skoleeiers behov*».



# Formålet

Personalet i grunnopplæringa skal ha kompetanse som sikrar elevane og lærlingane tilpassa opplæring med høve til å utvikle sine evner og talent i samsvar med generell del, læringsplakaten og læreplanane for fag. Gjennom eit kompetanselyft skal skoleleiarar, lærarar og instruktørar i lærebedrifter rustast og stimulerast til å møte utfordringane knytte til dei endringar i innhald og struktur som reforma inneber.

Likeverdig, inkluderande og tilpassa opplæring er overordna prinsipp for grunnopplæringa. Opplæringa skal tilpassast til evner og føresetnader hos elevane, og alle skal givast gode høve til læring. Opplæringa må derfor vere variert og differensiert.

Fleirtalet av elevane og lærlingane har godt utbytte av opplæringa. Men internasjonale og nasjonale undersøkingar har avdekt at norske elevar på fleire sentrale fagområde har for svake resultat. Det er urovekkjande mange som i løpet av grunnskolen ikkje har tileigna seg grunnleggjande lesedugleik. Det er også ei utfordring at elevane har svært ulikt utbytte av opplæringa, og at det er systematiske forskjellar mellom elevane, avhengig av kjønn og sosial og etnisk bakgrunn.

Kvaliteten på skolane og lærebedriftene er avgjerande for framtida til barn og unge. Av alle ressursar i skolen er kompetansen hos lærarane den faktoren som påverkar elevprestasjonane mest. Ei opplæring for kunnskap, mangfald og likeverd kan berre realiserast gjennom eit omfattande kompetanselyft for skoleleiarar, lærarar og instruktørar i lærebedrifter.

Gjennomføringa av reforma i grunnopplæringa krev målretta innsats på alle nivå i utdanningssystemet over fleire år. Det er avgjerande at eksisterande menneskelege og økonomiske ressursar i både skolar og lærebedrifter, kommunar og fylkeskommunar og på universitet og høgskolar, og dessutan særskilde økonomiske ressursar til kompetanseutvikling frå staten, inngår i det felles kompetanselyftet for grunnopplæringa. Riktig og tilstrekkeleg kompetanse er ein føresetnad for at reforma skal lykkast, og det krev samordna innsats frå dei aktørane som har medansvar for kompetanseutvikling i grunnopplæringa. Derfor står Kommunenes Sentralforbund (KS) som representant for skoleeigarane, lærar- og skoleleiarorganisasjonane og den sentrale utdanningsadministrasjonen saman om denne strategien for kompetanseutvikling. Nasjonalt råd for lærarutdanning har også vore bidragsytar i arbeidet med strategien.

I vidaregåande opplæring er også arbeids- og næringslivet viktige aktørar innanfor fag- og yrkesopplæringa. Bedriftene har ansvaret for at instruktørar i fagopplæringa tileignar seg den kompetansen dei har behov for til rettleiing av lærlingar. Fylkeskommunane og yrkesopplæringsnemndene, der partane er representerte, skal framleis hjelpe bedriftene i dette arbeidet. Ny struktur og fornya innhald vil i stor grad stille krav om kompetanse som vil vere felles for instruktørar i bedrift og faglærarar i vidaregåande opplæring. Det er derfor viktig at kompetanseutviklingstiltaka skaper møteplassar for desse gruppene.

Kompetanseutviklingsstrategien klargjer rollene og ansvaret for dei ulike aktørane og legg premissane for samarbeidsformer som utnyttar dei ressursar og den kompetanse aktørane

har, best mogleg. Strategien skal gi både skoleeigarar og universitet, høgskolar og andre fagmiljø eit nødvendig, felles grunnlag for planlegging og tilrettelegging av, og samarbeid om, tiltak. Strategien føreset at aktørane sjølv utformar planar og gjennomfører tiltak baserte på den rolla og det ansvaret dei har for utvikling av kvaliteten på grunnopplæringa.

Strategien gjeld for statsbudsjettperioden 2005–2008. Reforma i grunnopplæringa skal gjennomførast i perioden 2006 til 2008. For å sikre ei forsvarlig innføring av reforma er det viktig at kompetanseutviklinga startar i 2005, og at planlegginga både har eit årleg og eit fire-årig perspektiv.

## Målgrupper

Strategien er i første rekkje eit dokument for dei som har ansvar for å planleggje, koordinere og gjennomføre kompetanseutviklingstiltak. Det vil i hovudsak vere kommunar og fylkeskommunar, eigarar av friskolar, universitet, høgskolar og andre relevante fagmiljø. Strategien er også eit overordna plandokument for den statlege utdanningsadministrasjonen.

Tidleg i 2005 vil det bli gjennomført eit eige informasjonsopplegg retta mot kommunar og fylkeskommunar for å sikre forankringa av ansvaret for gjennomføringa av reforma.

Tiltak for kompetanseutvikling, iverksette med utgangspunkt i strategien, rettar seg i første rekkje mot

- leiinga på skolenivå
- lærarar i grunnskolar og vidaregåande skolar
- faglege leiarar og instruktørar for opplæring i lærebedrifter

I tillegg vil personalet i PP-tenesta, oppfølgingstenesta, prøvenemndsmedlemmer, assistentar og anna personale i skole og lærebedrifter vere aktuelle målgrupper for kompetanseutviklingstiltak.

## Føresetnader for å lykkast

For at skolar og lærebedrifter skal kunne gi elevar og lærlingar god opplæring i eit stadig meir kunnskapskrevjande og mangfaldig samfunn, peiker St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring* på tre forhold som må liggje til rette.

- For det første må skoleeigarar, skoleleiarar, lærarar og instruktørar ha den kompetansen som er nødvendig for å kunne møte kunnskapsamfunnet og ei meir mangfaldig gruppe elevar og føresette. Reforma skal gjennomførast i

den enkelte skolen og lærebedrifta. Ein føresetnad for målretta kompetanseutvikling er at skoleeigaren utviklar ein plan for kompetanseutvikling som er forankra i hovudutfordringane og utviklingsbehova i den enkelte verksemda.

- For det andre må skolar og lærebedrifter ha kunnskap om sterke og svake sider ved si eiga verksemd og om kva tiltak som kan føre til forbetring. Dessutan må dei ha tilgang til et godt støtte- og rettleiingsapparat. Det ansvaret skoleeigarane har for kompetanseutvikling, inneber også ansvar for å utvikle lokalt tilpassa metodar og rutinar for vurdering av skolens kvalitet og resultat, skolebasert vurdering og å følgje opp den informasjonen om læringsutbytte, læringsmiljø og ressursar som kjem fram gjennom det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet.
- For det tredje må den enkelte skolen og lærebedrifta,

mellom anna på dette grunnlaget, sjølv utvikle ein kultur for kontinuerleg læring, der alle tek ansvar for og kjenner seg forplikta til å realisere felles mål. Lærande organisasjonar er mellom anna kjenneteikna av fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisering, og dei er prega av kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing. Samhandling med andre kompetansemiljø og erfaringsspreiing mellom kollegaer og mellom skolar har avgjerande betydning. Evna til kontinuerleg refleksjon over om dei mål som blir sette og dei vegval som blir gjorde, er dei rette for verksemda, er grunnleggjande eigenskapar i lærande organisasjonar. Kompetanseutviklingstiltaka bør derfor i stor grad vere knytte til den daglege praksis for lærarar og instruktørar, og arbeidsplassen bør brukast aktivt som arena for kompetanseutvikling.

## Sentrale omgrep

**Kompetanse** kan definerast som *evne til å møte komplekse krav, situasjonar og utfordringar*. Når kunnskapsressursar blir tekne i bruk for å løyse oppgåver i konkrete situasjonar, er det viktig at dette samtidig stimulerer til vidare læring og kompetanseutvikling. Læring og kompetanse er knytt til *handling og samhandling* i ulike fellesskap, samtidig som dei er både individuelle og kollektive. Graden av læring avheng ikkje berre av kva kunnskapar, dugleikar og holdningar den enkelte har, men av kor læringsstøttande omgivnadene er, i form av både menneskelege, økonomiske og fysiske ressursar. Læringa avheng også av open kommunikasjon og det indre og ytre læringstrykk som fellesskapen sjølv og omgivnadene skaper.

**Videreutdanning** er utdanning/opplæring som gir *formell kompetanse* (studiepoeng).

**Etterutdanning** er mellom anna kurs, seminar, deltaking i lokalt utviklingsarbeid og fagleg rettleiing knytt til eins eigen praksis som har opplæring som viktigaste formål.

**Uformell læring** skjer gjennom praksis og faglege diskusjonar og evaluering av eins eige arbeid saman med kollegaer eller med andre samarbeidspartnarar. Deltaking i utviklingsarbeid, prosjekt, hospitering, kollegabasert rettleiing, studieturar, utveksling og nettverksbygging er andre eksempel på uformell læring.

# Prioriteringar

Større handlefridom gir skoleeigarane både nye høve og større ansvar. Ein føresetnad for at reforma i grunnopplæringa skal lykkast, er at skoleeigarane har tydeleg vilje og kompetanse til å være drivkrefter i gjennomføringa av reforma. Departementet vil samarbeide med KS om eit informasjonsopplegg retta mot skoleeigarane for å sikre forankring av ansvaret for gjennomføringa av reforma (inkludert nødvendig finansiering) og forståing av innhaldet og målsetjingane i reforma, dessutan for å vareta behovet for å utvikle ein kultur for læring på alle nivå i utdanningssystemet.

Å realisere innhaldet i reforma krev kompetanseutvikling på ei rekkje område. Kompetanseutviklingstiltaka må så langt mogleg innrettast med sikte på å dekkje dei behova som er definerte av kvar enkelt skole og bedrift. Dei prioriterte områda nedanfor er omtalte i St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, jf. Innst. S. nr. 268 (2003–2004), og er sentrale for gjennomføringa av reforma. Det er derfor føresett at skoleeigarane særskilt vurderer kompetansebehova i skolane og lærebedriftene på desse områda, som grunnlag for prioriteringane i kompetanseutviklingsplanane.

For å styrkje kvaliteten på kompetanseutviklingstiltaka vil departementet ta initiativ til å finansiere eit prosjekt for praksisretta forskings- og utviklingsarbeid i lærarutdanninga med vekt på mellom anna tilpassa opplæring. Det er ein føresetnad at FoU-verksemda skjer i samarbeid med skoleeigarane.

## **Kompetanseutvikling for leiinga av den enkelte skolen og lærebedrifta**

Betre tilpassa opplæring og utvikling av skolar som lærande organisasjonar stiller særlege krav om eit tydeleg og kraftfullt leiarskap som har evne til å initiere og leie felles utviklingsarbeid. Skal reforma lykkast, er profesjonell samhandling mellom skoleeigarar og skoleleiarar og ei utviklingsorientert og kompetent leiing ved den enkelte skolen nødvendig. God leiarskap skaper vilkår for at den kompetanse lærarane har, blir teken i bruk, slik at måla i læreplanane kan realiserast og kvaliteten i læringsarbeidet sikrast. Kompetanseutvikling for skoleleiarane er derfor avgjerande for gjennomføringa av

reforma. Dette krev at skoleeigarane prioriterer tiltak for skoleleiarar høgt i 2005.

Eit nettverk av universitet og høgskolar har utvikla etter- og vidareutdanningstilbod for skoleleiarar. Somme institusjonar tilbyr også masterstudium. Departementet vil ta initiativ til dialog med KS, arbeidstakarorganisasjonane og institusjonane i universitets- og høgskolesektoren med sikte på å vidareutvikle tilboda, slik at dei dekkjer både den kompetansen som krevst for å leie kunnskapsorganisasjonar i endring og utvikling, og dei meir reformspesifikke behova.

## **Reformrelatert kompetanseutvikling for det pedagogiske personalet i grunnopplæringa, og utvikling av kultur for læring i den enkelte skolen og lærebedrifta**

### **Skolen som lærande organisasjon – betre tilpassa opplæring**

Hovudutfordringa for skolen som lærande organisasjon er utvikling av læringsmiljøet og organisering av det slik at det best mogleg fremjar læring, for elevlar og for personalet som profesjonelt fellesskap. Gjennom endring av opplæringslova er skolane gitt større høve til å organisere opplæringa slik at ho er betre tilpassa lokale føresetnader og behov. Både evalueringa av Reform 97 og differensieringsprosjektet har avdekt eit monaleg potensial for betre tilpassa grunnopplæring. Evalueringa av statens Satsing på kvalitetsutvikling 2000–2003 viser at skolar med samarbeidsbasert arbeidsform og systematisk evaluering av eigen praksis i større grad enn andre evnar å gi elevane tilpassa opplæring.

På denne bakgrunn er det nødvendig å prioritere kompetanseutviklingstiltak for å utvikle den evna skolen og lærebedriftar har til å organisere opplæringa og leggje til rette innhald og arbeidsmåtar for å gi den enkelte eleven og lærlingen tilpassa opplæring. Det er også behov for å betre kvaliteten på spesialundervisninga, samtidig som behovet for spesialundervisning bør førebyggjast og reduserast ved å gi ei betre tilpassa opplæring. Arbeidet for å førebyggje og redu-





sere åtferdsproblem i skolen har også høg prioritet. Samla sett stiller dette store krav til kompetansen hos lærarane og skoleleiinga.

Det nasjonale systemet for kvalitetsvurdering skal medverke til kvalitetsutvikling gjennom å leggje til rette for informerte avgjerder på alle nivå i skolesystemet. For å utvikle skolen som lærande organisasjon er det avgjerande å styrkje den evne skoleleiinga og personalet har til å evaluere resultat av eigen praksis. God bruk av det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling føreset evne til å analysere og nyttiggjere seg informasjonen om ressursar, læringsmiljø og læringsutbytte på nettstaden skoleporten.no. I samarbeid med partane i arbeidslivet skal skoleporten.no utviklast til også å omfatte fagopplæring og opplæring i bedrift. Det er dessutan nødvendig med kompetanse til å ta i bruk rettleiingsressursar for å betre kvaliteten i opplæringa.

### **Nye læreplanar**

Dei nye læreplanane legg vekt på at elevane skal utvikle grunnleggjande dugleikar i alle fag gjennom heile det 13-årige løpet. Dei grunnleggjande dugleikane, som er å kunne uttrykkje seg munnleg og skriftleg, lese og rekne og bruke digitale reiskapar, er integrerte i læreplanane på premissane for dei enkelte faga.

Dei nye læreplanane for fag i grunnopplæringa set opp mål for den kompetansen i faga som elevane og lærlingane skal kunne nå etter ein naturleg avgrensa læringsgang. Dei nye læreplanane vil samla sett representere ei monaleg forenkling samanlikna med dei gjeldande læreplanane.

Innanfor rammene av klare, forpliktande kompetansemål blir det eit ansvar for personalet ved den enkelte skolen og den enkelte lærebedrifta å vurdere og bestemme kva innhald og arbeidsmåtar som må takast i bruk, og korleis opplæringa skal organiserast for at elevane og lærlingane skal kunne arbeide systematisk mot måla. Innføringa av nye læreplanar vil derfor krevje at den samla faglege og pedagogiske kompetansen i den enkelte skolen og lærebedrifta blir styrkt. Vidare er det nødvendig å utvikle den kompetansen lærarane og instruktørane har til å vurdere dei faglege prestasjonane hos elevane og lærlingane.

### **2. framandspråk**

Innføringa av obligatorisk 2. framandspråk vil medføre ei endring av eigenarten ved faget, ved at det skal leggjast meir vekt på praktisk tilnærming med større vekt på dugleik i kommunikasjon av ulik art og på ulike nivå. Dette krev fagleg og fagdidaktisk kompetanseutvikling for dei lærarane som underviser i faget.

### **Fysisk aktivitet**

Fysisk aktivitet er ein føresetnad for god læring og er eit generelt helsefremjande tiltak. I organiseringa av skoledagen bør skolen leggje til rette for at elevane på alle trinn i grunnopplæringa skal ha fysisk aktivitet dei dagane dei ikkje har kroppsøving. Fysisk aktivitet er eit prioritert område også når det gjeld kompetanseutvikling.

### **Utdannings- og yrkesrådgiving**

Elevane har rett til rådgiving om utdannings- og yrkesval, og dei skal få informasjon om utdanning, yrke og arbeidsmarknad. God utdannings- og yrkesrådgiving kan medverke til sikrare val, mindre forseinkingar og betre høve for den enkelte elev og lærling til å realisere sine evner og anlegg. Erfaringar, nasjonalt og internasjonalt, viser at det er samanheng mellom kompetanse og kvaliteten på rådgivingstenesta. Dette er derfor eit nasjonalt prioritert område for kompetanseutvikling.

### **Vidareutdanning for det pedagogiske personalet i grunnopplæringa**

2. framandspråk skal innførast som obligatorisk fag i grunnskolen. Skolane skal gi elevane tilbod om opplæring i tysk, fransk, spansk eller russisk, og, om det er høve til det, også andre språk, mellom anna ikkje-europeiske språk. Det er mangel på lærarar med kompetanse for opplæring i faget, og det er ei utfordring å rekruttere eit tilstrekkeleg tal lærarar med den nødvendige kompetansen. Kompetanseutviklingsplanane til skoleeigarane må derfor prioritere lærarkompetansen på dette området. For å dekkje behovet vil det vere nødvendig for mange skoleeigarar å prioritere dette alt frå 2005.

Mange lærarar, særleg i grunnskolen, manglar eller har mangelfull utdanning i fag dei underviser i. Det gjeld også lærarar som underviser i fag som er sentrale og gjennomgåande i heile grunnopplæringa. Dersom det er lite høve til å rekruttere nye lærarar med relevant utdanning samtidig som elevtalet stig og mange lærarar når pensjonsalderen, vil det også påverke behovet for vidareutdanning. På bakgrunn av dette er det nødvendig å prioritere matematikk, naturfag (fysikk, kjemi), engelsk og norsk/samisk. Nettverk av universitet og høgskolar har utvikla fleksible og praksisrelaterte vidareutdanningstilbod i desse faga.

1. Det blir også vist til Program for digital kompetanse 2004–2008, som skal fremje grunnleggjande dugleikar i bruk av digitale reiskapar i form av kompetanseutvikling i pedagogisk bruk av IKT, mellom anna gjennom prosjektet Lærande nettverk.



# Ansvar og oppgåver

Eit felles og samordna kompetanselyft for grunnopplæringa krev at ansvaret og oppgåvene for dei ulike aktørane er klart definerte.

§ 10–8 i opplæringslova slår fast at staten, fylkeskommunen og kommunen skal medverke til at undervisningspersonell, skoleleiarar og personell i skoleverket får etterutdanning med sikte på å fornye og utvide fagleg og pedagogisk kunnskap og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skolen. Departementet vil leggje fram forslag til endringar i opplæringslova for å klargjere det ansvar skoleeigarane har for at personalet i grunnopplæringa blir sikra nødvendig kompetanseutvikling. I visse situasjonar, som i samband med gjennomføring av nasjonale reformer, vil det vere påkravd at staten i ein periode medverkar med særskilde midlar til kompetanseutvikling.

## For å ta ansvaret for kompetanseutviklinga har skoleeigarar som oppgåve

- å sørge for at den enkelte skolen og lærebedrifta vurderer kva kompetanseutviklings-tiltak som bør prioriterast for å kunne gjennomføre reforma i den enkelte verksemda
- å fremje god personal-/medarbeidarpolitikk, som sikrar medinnverknad og medbestemming for medarbeidarane og arbeidstakarorganisasjonane, jf. avtaleverket i kommunal sektor
- å utvikle, vedta og gjennomføre planar for kompetanseutvikling i samarbeid med dei partane det gjeld. Planane skal ta seg av lokale kompetansebehov innanfor dei nasjonalt prioriterte områda
- å medverke til finansieringa av kompetanseutvikling knytt til innføringa av reforma. Eigenfinansieringa av kompetanseutviklingstiltaka i det enkelte budsjettåret skal gå fram av planane
- å søkje fagleg støtte til kompetanseutvikling og lokalt utviklingsarbeid frå universitet, høgskolar eller andre relevante fagmiljø etter behov. Ein bør også utnytte den kompetansen skoleeigarane sjølv rår over
- å rapportere til fylkesmannen om gjennomføringa av planlagde kompetanseutviklingstiltak og bruk av ressursar

For mange kommunar vil det, mellom anna fordi dei er små og har knappare kompetanse, vere nødvendig å samarbeide regionalt, både om kartlegging av kompetansebehov og om organisering og gjennomføring av konkrete tiltak. Som statens representant har fylkesmannen i oppgåve å medverke til koordinering av kompetanseutviklingstiltak ved å stimulere samarbeidet mellom kommunar, fylkeskommunar, partane i arbeidslivet, universitet, høgskolar og andre fagmiljø. Også fylkeskommunen, KS i fylket, regionråd og andre interkommunale nettverk eller samarbeidsorgan kan medverke til dette. Aktørar som elles vil vere involverte på skoleeigarnivå, må også trekjast inn i interkommunale samarbeidsorgan.

## Oppgåva for fylkesmannen er

- å rettleie kommunane i samband med kartlegging av kompetansebehov og utarbeiding av kompetanseutviklingsplanar etter behov
- å stimulere til samarbeid mellom skoleeigarar og mellom skoleeigarar, universitet, høgskolar og andre fagmiljø om kompetanseutvikling og lokalt utviklingsarbeid
- å føre tilsyn med at skoleeigarane tek seg av det ansvaret dei har for kompetanseutvikling
- å fordele ressursar til skoleeigarane etter objektive kriterium. Direktoratet vil fastsetje desse i samråd med dei partane det gjeld

## Oppgåva for universitet og høgskolar er

- å tilby ei relevant grunnutdanning som motiverer lærarar for livslang læring
- å sørge for at eige fagpersonale har nødvendig fagleg kompetanse og innsikt i reforma og dei utfordringane ho representerer for grunnskole og vidaregåande opplæring
- å utvikle relevante og praksisnære kompetanseutviklings-tilbod i samråd med kommunar og fylkeskommunar
- å samarbeide om og koordinere kompetanseutvikling for grunnskole og vidaregåande opplæring for å sikre breidda i det samla regionale og nasjonale tilbodet

- å utføre forskning og utviklingsarbeid i samarbeid med skoleeigarar
- å medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og utviklingsarbeid til relevante aktørar

Fastsetjing av spesielle opptakskrav til allmennlærerutdanninga kan på kort sikt medføre svakare rekruttering til mange av institusjonane. I slike tilfelle kan ledig kapasitet i ein periode utnyttast til vidareutdanning av lærarar i sentrale skolefag i tråd med behova i grunnopplæringa.

### **Oppgåva for Utdanningsdirektoratet er**

- å følgje opp kompetanseutviklingsstrategien på grunnlag av dei årlege statsbudsjetta
- å forvalte statlege midlar til kompetanseutvikling

- å samarbeide med universitets- og høgskolesektoren, skoleeigarane og arbeidstakarorganisasjonane for å medverke til å sikre kvaliteten og relevansen i kompetanseutviklingstilboda
- å ta initiativ til evaluering av strategien for kompetanseutvikling. Evalueringa skal innhente erfaringar frå kompetanseutviklingstiltaka og gjennomføringa av dei i kommunar og fylkeskommunar som grunnlag for eventuelle justeringar i strategiperioden

### **Departementet har ansvar for**

- å fastsetje mål og nasjonale prioriteringar for kompetanseutviklinga
- å medverke med særskilde statlege ressursar til gjennomføringa av dei planar skoleeigarane har for kompetanseutvikling



# Organisering av samarbeid om kompetanseutvikling

Kompetanseutviklingstiltak for grunnopplæringa involverer mange aktørar – dei enkelte skolane og lærebedriftene, skoleeigarane, partane i arbeidslivet, universitet, høgskolar, statlege spesialpedagogiske kompetansesenter og andre moglege tilbydarar av relevante kompetanseutviklingstiltak, og dessutan den sentrale og den regionale statlege utdanningsadministrasjonen. Organiseringa av samarbeidet mellom aktørane må ta utgangspunkt i dei roller og det ansvar aktørane har og i ei felles forståing av målsetjinga for og innretninga av kompetanseutviklinga.

God organisering av samarbeidet om kompetanseutvikling kan medverke til å auke kvaliteten på, omfanget av og variasjonen i tilbodstilfanget, medverke til langsiktig kompetanseoppbygging og vere meir kostnadseffektivt for alle partar. Samarbeidet kan ha ulike formål og skal vareta ulike omsyn.

Kommunar, fylkeskommunar og friskolar vil kunne ha ulike behov for samarbeid om utforming av planar, om koordinering av kontakten med universitet, høgskolar og andre tilbydarar

av kompetanseutviklingstiltak, og om den konkrete gjennomføringa av tiltak både for skoleleiarar og for lærarar. Skoleeigarane sine planar vil vere eit godt grunnlag for dialog med aktuelle tilbydarar. Fylkesmannen vil etter behov kunne medverke til samarbeid både i det enkelte fylket og i den enkelte regionen. Innanfor fag- og yrkesopplæringa vil det vere eit spesielt behov for å etablere samarbeid med partane i arbeidslivet regionalt.

For å sikre utvikling av relevante kompetanseutviklingstiltak av god kvalitet som tek utgangspunkt i dei lokale behova, kombinert med ein kapasitet som tilfredsstiller etterspørselen i alle delar av landet, må behovet for samarbeid, koordinering og moglege former for arbeidsdeling drøftast med universitets- og høgskolesektoren.

Departementet og Utdanningsdirektoratet vil drøfte behovet for å utvikle modellar for samarbeid på fylkesnivå, regionalt og nasjonalt, i samarbeid og dialog med KS, arbeidstakarorganisasjonane, universitets- og høgskolesektoren og fylkesmennene.



# Vilkår for statleg tilskott og rapportering

Det statlege tilskottet til kompetanseutvikling i grunnopplæring vil bli fastsett i dei årlege statsbudsjetta.

Det er ein føresetnad for utbetaling av statleg tilskott til kompetanseutvikling at skoleeigarane tek hand om sitt ansvar for kompetanseutvikling gjennom planar vedtekne av kommunestyre eller fylkesting. For friskolar skal planane godkjennast av styra for skolane. Friskolar som ønskjer det, kan utarbeide ein felles plan. Planane må omfatte ein kompetanseutviklingsstrategi for perioden 2005–2008 og ein plan for det enkelte budsjettåret som gjer greie for konkrete kompetanseutviklingstiltak og eigenfinansieringa frå skoleeigarane. Tiltaka skal byggje på ei kartlegging og vurdering av kompetanseutviklings-behova i den enkelte skolen og lærebedrifta.

Det er føresetnaden at skoleeigar orienterer fylkesmannen om planen for kompetanseutvikling når denne er vedteken. Fylkesmannen skal føre tilsyn med at planane varetek det

ansvar skoleeigarane har for kompetanseutvikling, jf. kapittel 3. På grunnlag av dette utbetaler fylkesmannen det aller meste av det statlege tilskottet til skoleeigarane etter fastsette, objektive kriterium. For å medverke til nødvendig vidareutdanning i 2. framandspråk vil ein mindre del av det statlege tilskottet bli fordelt til skoleeigarane på grunnlag av lokale behov, etter ei særskilt vurdering. Ei slik ordning vil kunne ta omsyn til at behova er ulike i kommunane og fylkeskommunane, og må utformast i dialog med dei og KS. Ansvar for forvaltninga av tilskottet vil liggje i Utdanningsdirektoratet, med fylkesmannen som det regionale leddet.

## **Rapportering**

Det vil bli stilt krav om rapportering til fylkesmannen av gjennomførte kompetanseutviklingstiltak og om bruken av det statlege tilskottet og eigne ressursar.



Utgitt av :  
Utdannings- og forskningsdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar av denne publikasjonen frå:  
Statens forvaltningsteneste  
Kopi- og distribusjonsservice  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@ft.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@ft.dep.no)  
Telefaks: 22 24 27 86

Oppgi publikasjonskode: F-4176 N